

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Høyringsuttale om forslag til endring i forskrift om produksjonstilskot til nyhende- og aktualitetsmedie.

1. Kommenterarar til forslaget om å stansa produksjonstilskotet til aviser med mellom 4000 og 6000 i opplag med verknad frå i år.


Avisa Nordhordland fekk i 2013 eit produksjonstilskot på 640 868 kroner. Dersom forslaget til endring vert gjennomført slik det ligg føre, vil dette tilskotet heilt falla bort. Dette vil naturleg nok få ein dramatisk innverknad på vår konkurranse-situasjon. Avisa Nordhordland er lokalisert i, og dekkjer same område som Strilen. Godkjend opplag for dei to avisene er 5933 for Avisa Nordhordland og 5208 for Strilen. Begge avisene mottok nøyaktig same produksjonstilskot i 2013. Som nummer to avis er - slik vi forstår - ikkje Strilen omfatta av det varsla stoppet i produksjonstilskot.

Som avis ønskjer Avisa Nordhordland å vera mest mogleg uavhengig av pressestøtta. Men i ein fallande avismarknad og med ein så pass spesiell konkurransesituasjon for to lokalaviser i ein begrensa marknad, er dette ei utfordring. Vi er overtydd om at to sterke lokalaviser er ein absolutt fordel for regionen Nordhordland. Konkurransen verkar og skjerpande på våre tilsette i det daglege arbeidet, noko som kjem lesarar og annonsørar til gode. Like vilkår gjer oss i stand til å gje folket i regionen ein best og breiast mogleg nyhendedekning og samfunnsdebatt.

Departementet sitt forslag til endring i rammeløyvinga for aviser med opplag mellom 4000 og 6000, varsla 2. desember 2013, med verknad frå 1. januar, framstår for Avisa Nordhordland som eit forhasta forslag, og ikkje som eit ledd i å gjera ordninga meir målretta. For dei avisene som vert råka, er det altfor kort frist til å kunna takla bortfallet av prestestøtta på ein tilfredsstillande måte.

Avisa Nordhordland viser for øvrig til høyringsuttalen frå eigarane våre, Amedia.

Knarvik 15. januar 2014



Randi Bjørlo
Ansvarleg redaktør/dagleg leiar